



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for samferdsle**

Møtedato: 21.11.2017

Sak nr.: 15/8208-55
Internt I.nr. 44101/17

Sak: 52/17

Tittel: **Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2018 - 2023(2029), fråsegn**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei overordna prioriteringane i framlegget til handlingsprogrammet 2018-2023. Det er viktig at fornying av riksvegtunnelar etter tunnel-sikkerheitsforkrifa og reduksjon av forfallet på riksvegnettet er prioritert høgt i perioden.
- 2 Fylkestinget i Sogn og Fjordane konstaterer at det er få nye investeringsprosjekt på riksvegnettet i Sogn og Fjordane i første seksårsperiode. Fylkestinget meiner at E39 Myrmel – Lunde kan starte snarast, og ser det som positivt at E39 Bogstunnelen – Gaula grense er inne i siste periode.

Fylkestinget registrerer at det er sett av midlar til å gjennomføre utbetring av delstrekningar på E39 Byrkjelo – Sandane i siste seksårsperiode. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen snarast legg fram sikre kostnadsoverslag som grunnlag for val av løysingar og vidare detaljplanlegging og prosjektering.

Fylkestinget registrerer at E39 Byrkjelo – Grodås ikkje er inne i handlingsprogrammet i heile tolvårsperioden. Strekninga E39 Byrkjelo – Grodås er under planlegging. Dette planarbeidet må prioriterast.

Fylkestinget ber vidare om at E39 frå Storehaug (Langeland) til Vassenden (Moskog) kjem inn i siste seksårsperiode.

- 3 Fylkestinget registrerer at nye store investeringar på rv.15 Strynefjellet ikkje er prioritert i handlingsprogrammet og at det ikkje er teke stilling til framtidig løysing på denne strekninga etter at KVU vart utarbeidd i 2012. Fylkestinget er stiller seg undrande til at det vert stilt krav om ytterlegare tilleggsutgreiingar.

Fylkestinget registrerer også at rv. 13 Vikafjellet ikkje er inne i handlingsprogrammet for heile tolvårsperioden. Sogn og Fjordane og Hordaland skal slåast saman til eitt fylke frå 2020. Det er viktig at tunnel gjennom Vikafjellet vert realisert for å betre kommunikasjonane mellom administrasjonsstadane Bergen og Leikanger.

- 4 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonen om å redusere forfallet på riksvegane i perioden, særleg på riksvegtunnalene som skal fornyast m.a. etter krava i tunnelsikkerheits-forskrifta på riksveg.
- 5 Fylkestinget viser til det store behovet for sikring av riks- og fylkesvegar mot skred. Fleire viktige skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i Sogn og Fjordane er inne handlingsprogrammet. E39 Våtedalen og E39 Skjærsura, som ligg inne i siste seksårsperiode, må planleggast og prosjekterast slik at dei er klare til utbygging tidleg i siste seksårsperiode. Rv. 15 over Strynefjellet og rv. 5 Førde - Florø må sikrast med tunnelar snarast.
- 6 Rammene til skredsikring på fylkesvegnettet fastlagt i Nasjonal transportplan er fordelt mellom fylka i handlingsprogrammet. Fylkestinget i Sogn og Fjordane registrerer at Sogn og Fjordane vil få ei ramme på om lag 1,2 mrd. kr i første seksårsperiode. Sogn og Fjordane har store utfordringar med skred på fylkesvegnettet. Fylkestinget meiner midlane til tilskot til skredsikring på fylkesvegnettet må fordelast etter høg skredfare.
- 7 I 2015 vart det innført ei økonomisk kompensasjonsordning i samband med iverksetting av tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkesvegtunnelar. Denne ordninga er føreslegen avvikla frå 2019. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber om at ordninga vert vidareført i samsvar med intensjonen i Meld. St.33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029.
- 8 Fylkestinget i Sogn og Fjordane aksepterer mål og strategiar i Nasjonal transportplan og handlingsprogram om auka satsing på kollektivtrafikk, gåing og sykling i og rundt dei største byane. Dette må likevel ikkje gå på kostnad av distriktsfylke som Sogn og Fjordane, som må finansiere det meste av satsing på kollektivtrafikk, gåing og sykling innanfor ordinære budsjett.
- 9 Fylkestinget sluttar seg til Statens vegvesen si satsing på å legge til rette for modulvogntog på riksvegnettet. Kostnader med ev. tilrettelegging for modulvogn på fylkesveg må kompenserast av staten.
- 10 Fylkestinget går i mot forslaget om å avvikle rentekompensasjonsordninga for transporttiltak i fylka, som vart innført i 2010. Ei slik avvikling vil bety at investeringsaktiviteten på fylkesvegnettet går ned og at mange nye og viktige fylkesvegprosjekt ikkje vert realiserte. Fylkestinget minner om at det i Stortingsmeldinga om NTP var lagt til grunn at ordninga skulle halde fram.
- 11 Fylkestinget registrerer at det er sett av 980 mill. kr i statlege midlar til nasjonale turistvegar i perioden 2018 – 2023. Det går ikkje fram av handlingsprogrammet kva desse midlane skal brukast til. Fylkestinget ber difor om ei konkretisering på bruken av dei.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Senterpartiet:

Tillegg til punkt 2:

Fylkestinget syner til at eit breitt fleirtal på Stortinget i innstillinga til NTP 2018-29 ba om at ein kom i gang med dei mest prekære utbetingstiltaka på E39 Byrkjelo-Sandane allereie i første del av planperioden. Fylkestinget føreset at dette blir tatt omsyn til i det endelege handlingsprogrammet for NTP."

Alternativ formulering av pkt 8:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane er positive til auka satsing på kollektivtrafikk, gåing og sykling i Nasjonal transportplan generelt. Vi kan ikkje ut frå dette akseptere at det då samtidig er redusert satsing på gang- og sykkeltiltak på riksvegnettet i Sogn og Fjordane i handlingsprogrammet for 2018-23.

Fylkestinget ber om at fleire gang- og sykkeltiltak på riksvegnettet i Sogn og Fjordane som er viktige for trygge skulevegar og/eller mindre bilbruk i tettstadar blir lagt inn i handlingsprogrammet.

Nytt punkt:

Ferjeavløysinga må endrast slik at ordninga kan nyttast til å dekke finansieringskostnader.

Framlegg frå Arbeidarpartiet:

Ny setning punkt 3, første avsnitt, siste setning:

Fylkestinget meiner det er uakseptabelt å ikkje setje tunnelane på Strynefjellet i stand med same frist som tunnellforskriften (innan 2020).

Nytt punkt 5:

Fylkestinget ber departementet om å sørge for at det sammen med førstkommande rullering av NTP lages en 12-års plan for sikring av alle skredpunkt på veg innenfor skredfaktorgruppene «høy» og «middels».

Fylkestinget meiner statens vegvesen si utrekning av skredfaktor bør ha avgjerande i prioritering av prosjekt og ber difor om at Rv 15 over Strynefjellet (KVU) og RV 5 Førde – Florø (begge med rasfaktor på over 5) vert sett i gong før E39 Våtedalen som har rasfaktor på 4,5. Føresetnaden må vere at avsette midlar blir i fylket då Sogn og Fjordane er eit av dei mest rasutsatte fylker.

Punkt 6, ny setning 2:

For å unngå unødig utsettelse av sikringstiltak, og derav mindreforbruk på kap. 1320, post 62, «Tilskudd til skredsikring på fylkesvegnettet», må departementet gi tilskudd til fylket tidlig i 2018.

Framlegg frå Miljøpartiet De Grønne:

Nytt punkt 12:

Fylkestinget står klimamåla i NTP og ber om at det blir utarbeidd eit eige program for å oppnå måla.

Framlegg frå Høgre:

Framlegg til endra punkt 2:

Fylkestinget registrerer at det er sett av midlar til å gjennomføre utbetring av delstrekningar på E39 Byrkjelo – Sandane i siste seksårsperiode. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen snarast legg fram sikre kostnadsoverslag som grunnlag for val av løysingar og vidare detaljplanlegging og prosjektering, som grunnlag for neste rullering av NTP.

Framlegg til nytt punkt 3:

Fylkestinget ber om at det vert gjennomført planarbeid for Strynefjellet og Vikafjellet i samsvar med merknadene frå Stortinget, slik at desse prosjekta kan koma inn i samband med neste rullering av NTP. Fylkestinget vil understreke at det er svært viktig at vi får utbetra rv. 15 Strynefjellet, både med tanke på trafikktryggleik og framkome. Sogn og Fjordane og Hordaland skal slåast saman til eitt fylke frå 2020. Det er viktig at tunnel gjennom Vikafjellet vert realisert for å betre kommunikasjonane mellom administrasjonsstadane Bergen og Leikanger.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Senterpartiet sitt tillegg til punkt 2 fekk 4 røyster, Senterpartiet og Miljøpartiet De Grønne, og fall. Høgre sitt tillegg til punkt 2 vart vedteke mot 2 røyster, Arbeidarpartiet.

Fylkesrådmannen sitt framlegg med endring vart vedteke samrøystes.

Høgre sitt alternative framlegg til punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Arbeidarpartiet sitt tillegg i punkt 3 vart vedteke mot 3 røyster, Høgre.

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Første avsnitt i framlegget frå Arbeidarpartiet til nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 5 vart sett opp mot andre avsnitt i Arbeidarpartiet sitt framlegg. Fylkesrådmannen si tilråding fekk 6 røyster. Arbeidarpartiet sitt framlegg fekk 3 røyster, Arbeidarpartiet og Miljøpartiet De Grønne, og fall.

Tillegg til punkt 6 frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding med tillegg vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 8 vart sett opp mot Senterpartiet sitt alternative framlegg. Senterpartiet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 9 vart vedteken mot ei røyst, Miljøpartiet De Grønne.

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 10 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 11 vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Miljøpartiet De Grønne til nytt punkt 12 vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Senterpartiet til nytt punkt vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei overordna prioriteringane i framlegget til handlingsprogrammet 2018-2023. Det er viktig at fornying av riksvegtunnelar etter tunnel-sikkerheitsforkrifa og reduksjon av forfallet på riksvegnettet er prioritert høgt i perioden.
- 2 Fylkestinget i Sogn og Fjordane konstaterer at det er få nye investeringsprosjekt på riksvegnettet i Sogn og Fjordane i første seksårsperiode. Fylkestinget meiner at E39 Myrmel – Lunde kan starte snarast, og ser det som positivt at E39 Bogstunnelen – Gaula grense er inne i siste periode.

Fylkestinget registrerer at det er sett av midlar til å gjennomføre utbetring av delstrekningar på E39 Byrkjelo – Sandane i siste seksårsperiode. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen snarast legg fram sikre kostnadsoverslag som grunnlag for val av løysingar og vidare detaljplanlegging og prosjektering, som grunnlag for neste rullering av NTP.

Fylkestinget registrerer at E39 Byrkjelo – Grodås ikkje er inne i handlingsprogrammet i heile tolvårsperioden. Strekninga E39 Byrkjelo – Grodås er under planlegging. Dette planarbeidet må prioriterast.

Fylkestinget ber vidare om at E39 frå Storehaug (Langeland) til Vassenden (Moskog) kjem inn i siste seksårsperiode.

- 3 Fylkestinget ber om at det vert gjennomført planarbeid for Strynefjellet og Vikafjellet i samsvar med merknadene frå Stortinget, slik at desse prosjekta kan koma inn i samband med neste rullering av NTP. Fylkestinget vil understreke at det er svært viktig at vi får utbetra rv. 15 Strynefjellet, både med tanke på trafikktryggleik og framkome. Fylkestinget meiner det er uakzeptabelt å ikkje setje tunnelane på Strynefjellet i stand med same frist som tunnellforskriften (innan 2020).

Sogn og Fjordane og Hordaland skal slåast saman til eitt fylke frå 2020. Det er viktig at tunnel gjennom Vikafjellet vert realisert for å betre kommunikasjonane mellom administrasjonsstadane Bergen og Leikanger.

- 4 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonen om å redusere forfallet på riksvegane i perioden, særleg på riksvegtunnelane som skal fornyast m.a. etter krava i tunnellsikkerheits-forskrifta på riksveg.

- 5 Fylkestinget viser til det store behovet for sikring av riks- og fylkesvegar mot skred. Fleire viktige skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i Sogn og Fjordane er inne handlingsprogrammet. E39 Våtedalen og E39 Skjærsura, som ligg inne i siste seksårsperiode, må planleggast og prosjekterast slik at dei er klare til utbygging tidleg i siste seksårsperiode. Rv. 15 over Strynefjellet og rv. 5 Førde - Florø må sikrast med tunnelar snarast.

Fylkestinget ber departementet om å sørge for at det saman med første rullering av NTP lages en 12-års plan for sikring av alle skredpunkt på veg innanfor skredfaktorgruppene «høy» og «middels».

- 6 Rammene til skredsikring på fylkesvegnettet fastlagt i Nasjonal transportplan er fordelt mellom fylka i handlingsprogrammet. For å unngå unødig utsettelse av sikringstiltak, og derav mindreforbruk på kap. 1320, post 62, «Tilskudd til skredsikring på fylkesvegnettet», må departementet gi tilslagn om tilskudd til fylket tidlig i 2018. Fylkestinget i Sogn og Fjordane registrerer at Sogn og Fjordane vil få ei ramme på om lag 1,2 mrd. kr i første seksårsperiode. Sogn og Fjordane har store utfordringar med skred på fylkesvegnettet. Fylkestinget meiner midlane til tilskot til skredsikring på fylkesvegnettet må fordelast etter høg skredfare.
- 7 I 2015 vart det innført ei økonomisk kompensasjonsordning i samband med iverksetting av tunnellsikkerheitsforskrifta for fylkesvegtunnelar. Denne ordninga er føreslegen avvikla frå 2019. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber om at ordninga vert vidareført i samsvar med intensjonen i Meld. St.33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029.
- 8 Fylkestinget i Sogn og Fjordane er positive til auka satsing på kollektivtrafikk, gåing og sykling i Nasjonal transportplan generelt. Vi kan ikkje ut frå dette akseptere at det då samtidig er redusert satsing på gang- og sykkeltiltak på riksvegnettet i Sogn og Fjordane i handlingsprogrammet for 2018-23.

Fylkestinget ber om at fleire gang- og sykkeltiltak på riksvegnettet i Sogn og Fjordane som er viktige for trygge skulevegar og/eller mindre bilbruk i tettstadar blir lagt inn i handlingsprogrammet.

- 9 Fylkestinget sluttar seg til Statens vegvesen si satsing på å legge til rette for modulvogntog på riksvegnettet. Kostnader med ev. tilrettelegging for modulvogn på fylkesveg må kompenserast av staten.
- 10 Fylkestinget går i mot forslaget om å avvikle rentekompensasjonsordninga for transporttiltak i fylka, som vart innført i 2010. Ei slik avvikling vil bety at investeringsaktiviteten på fylkesvegnettet går ned og at mange nye og viktige fylkesvegprosjekt ikkje vert realiserte. Fylkestinget minner om at det i Stortingsmeldinga om NTP var lagt til grunn at ordninga skulle halde fram.

- 11 Fylkestinget registrerer at det er sett av 980 mill. kr i statlege midlar til nasjonale turistvegar i perioden 2018 – 2023. Det går ikkje fram av handlingsprogrammet kva desse midlane skal brukast til. Fylkestinget ber difor om ei konkretisering på bruken av dei.

- 12 Fylkestinget står klimamåla i NTP og ber om at det blir utarbeidd eit eige program for å oppnå måla.

- 13 Ferjeavløysinga må endrast slik at ordninga kan nyttast til å dekke finansieringskostnader.